

Samferdsle- og Trafikksikring

**SØKNAD OM AVKØYRSLE / DISPENSASJON FRÅ  
BYGGEGRENSE LANGS KOMMUNAL VEG****Tiltakshavar:**

Gards og bruksnummer: .....

Namn .....

Adresse ..... Postnr..... Poststad .....

Telefon ..... Mobil ..... E-post .....

**Ansvarleg søkjar/utførande:**

Namn .....

Adresse ..... Postnr..... Poststad .....

Telefon ..... Mobil ..... E-post .....

**Vedlegg til søknad:****Kart i målestokk M 1:1000 der tomte med bygget, snu areal, tilkomstveg og avkjørsle er teikna inn.**

Evt. tilleggsopplysningar:.....

.....

.....

Stad \_\_\_\_\_ Dato \_\_\_\_\_

Underskrift \_\_\_\_\_

**SØKNAD OM AVKØYRSLE (Set kryss)**Ny avkjørsle  Utvida bruk av eksisterande avkjørsle  Flytting av eksisterande avkjørsle

Kva skal avkjørsle brukast til?

Bustad  Antal \_\_\_ stk IndustriHytte  Antal \_\_\_ stk Anna .....**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE**

§ 29 i Veglova seier at byggegrensa for kommunal veg er 15 m frå midten av vegen, målt horisontalt.

**Søknad om dispensasjon frå dette må grunngjevast under tilleggsopplysningar.**

Avstand frå midtlina av vegen til næraste kant av bygget er ..... meter

Dersom det finst stadfesta reguleringsplan for området kan denne ha andre byggegrensar enn 15 meter.

Bygging nærare kommunal veg må då takast opp som søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen evt. som reguleringsendring.

**Skal det leggast leidningar langs, over eller i offentleg veg må det søkjast på særskild skjema; graveløyve.**

## Generell informasjon til søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrensa

For RASK sakshandsaming ber vi om korrekte og utfyllande opplysningar.

**Ufullstendig søknad vil bli returnert!**

### Siktkrav ved avkøyrslø:


**Saman med søknadsskjemaet må det sendast:** Kart i målestokk M 1:1000

#### På kartet/skissa skal det teiknast inn:


Plassering av avkøyrslø (tilkomstveg, snu- og oppstillingsplass).

Plassering av byggverk (bustad, garasje, tilbygg, m.m.) Ved søknad om dispensasjon frå byggegrense skal det teiknast inn avstand frå senter av off. veg til nærast kant av omsøkte byggverk. Legg ved målsett plan- og fasadeteikning.

På grunn av evt. behov for framtidig vegutviding, samt ulemper som støy, støv og liknande frå trafikken, må byggverk ikkje førast opp for nær ein offentleg veg. Difor må ingen bygningar, oppførast nærare enn 15 meter frå kommunal veg utan særskilt løyve frå kommunen. Avstanden skal reknast frå midten av offentleg veg til næraste kant av omsøkte byggverk. Vi vil gjere merksam på at det må søkjast om tilbygg til tidlegare oppførte bygningar, samt for oppattbygging av nedrivne eller nedbrende byggverk som ligg innafør byggegrensa.



### Kva kommunen legg vekt på ved handsaming av søknaden



Kommunen må vurdere alle søknader i ein større samanheng mellom anna av omsynet til trafikkavvikling og trafikktryggleik. Søknaden blir sett på i samanheng med kravet om betre og sikrere vegar.

Dersom stadig nye avkøyrslø vert etablerte, vil vegen langsam «gro igjen». Den aukande lokaltrafikken som følgjer med avkøyrsløane vil gradvis forandre hovudvegen til lokalbustadveg.

Det er nær samanheng mellom talet på trafikkulukker og talet på avkøyrslø langs ein veg, og det er særleg dei som bur langs vegen som vert ramma.

Ved søknad om dispensasjon frå byggegrensa må kommunen vurdere om det omsøkte tiltaket vil sjenere trafikken på vegen, redusere trafikktryggleiken eller vanskeleggjere vegvedlikehaldet. Behovet for areal ved evt. framtidig vegutviding vil også bli vurdert.